

Til Årsmøte i Hareid Idrettslag 2022
Sak Fastsette medlemskontingent og treningsavgifter
Dato 23.03.2022
Frå Hovudstyret

Sak 13

Formål

Formålet med dette dokumentet er å fastsette medlemskontingent og treningsavgift for 2023.

Bakgrunn

Medlemskontingenten har gjennom fleire år vore kr. 250 pr medlem, likt for alle – ung eller eldre, aktiv eller passiv.

Vurderingar

Frå lova til HIL: «*Medlemskap i idrettslaget er først gyldig frå den dagen kontingent er betalt.*»

Frå Organisasjonsplan for HIL: «*For å vere med i trenings- og konkurranseaktivitet i og for laget, er det eit krav at ein er medlem av laget, og at medlemskontingenten og eventuell treningsavgift er betalt.*»

Dei siste åra er det store manglar i medlemskontingent og treningsavgifter, og for 2020 har og coronaepidemien truleg hatt verknad som medfører manglande innbetaling. Igjen må det skjerpast inn at både innkrevingsrutinar og haldning til deltaking i aktivitet utan medlemskap får verknad.

Frå i år, 2022, kan vi tilby familiemedlemskap for kr. 600,-. Dette vart vedtatt på årsmøte i 2021.

Vi har hatt låge prisar knytt til medlemskontingenten i mange år, lågare enn andre klubbar rundt oss på sunnmøre. Det vil bli ein del kostnader knytt til flytting av arbeidsplassar frå klubbhuset som vi har no, til dei nye som vi får opp i turnhallen.

Hovudlaget skal saman med turnen drifte turnhallen og servicebygget og ta 1/3 av kostanden. Det er grunnane til at vi kjem med dette forslaget til vedtak.

Forslag til vedtak

- a. Medlemskontingent for 2023 er
 - kr. 350,- for enkeltmedlem
 - kr. 700,- for familiemedlemskap
- b. Gruppene får mynde til å fastsetje sine eigne treningsavgifter.